



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Ingard Kahrs.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage og Solrunn Gullaksen.

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Evvy Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 17/22 – 19/22

F 17/22	GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 31.05.2022
Vedlegg	Møteboka frå 31.05.2022 Innkallinga til møtet 27.09.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

F 18/22	ORIENTERING
	<ul style="list-style-type: none">• Notat status kyrkjeleg organisering• Status for organiststillinga og korleis dette vert løyst no

F 19/22	TERTIALRAPPORT ØKONOMI
Vedlegg: Tertialrapport (3 dok)	<u>Bakgrunn:</u> Som ein kan sjå av rekneskapsførar sine kommentarar ligg vi an til eit mindreforbruk på kr. 120 383,-. Dette er likevel ein sum som vert annleis ved årsslutt, sidan refusjonane mellom Austrheim og Fedje Sokn vert gjort ein gong i året. Godtgjeringane for soknerådet vert også utbetalt i ein eingong på slutten av året. På generelt grunnlag er det slik at det går meir i refusjon til Austrheim sokn enn motsett veg. I tillegg opplyser rekneskapsførar at ekstrakostnad til revisjon er lagt inn i balansen – post 534 7000. Eit anna moment er at det vil koma ei



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>etterbetaling på løn, grunna generell lønsauke. Her er ikkje oppgjert for KA sektoren landa endå.</p> <p>Organiststillinga står vakant. Kostnader for dette vert betalt ut som konsulentoppdrag til frilansarar. I den seinare tida har organisten på Austrheim kunna ta dei fleste speleoppdraga på Fedje, både gudstenester og gravferder.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Tertialrapport 2. tertial vert tatt til etterretning.</i></p>
Vedtak:	Tertialrapport 2. tertial vert tatt til etterretning.

F 20/22	EVENTUELT
	<p>Akvarell av kyrkja: Soknerådet fekk presentert ein akvarell som Austrheim sokn har av kyrkja si. Denne bruker dei på konvoluttar og andre trykksaker. Akvarellen er tegna av Jostein Hauge si svigerinne, og prisen er kr. 2.500,- for fri bruk. <i>Fedje sokneråd ønskjer å få lagd ein akvarell av Fedjekyrkja, og det må velgast ut eit eller fleire bilder som kan være aktuelle, gjerne frå forskjellige vinklar.</i></p> <p>Sjøveis kyrkjereis: Soknerådet har blitt informert om at kontaktperson til Fjordabåtane, Øyvind Konglevoll, privat har lagt ut kr. 10.000,- til DS Oster for å dekke underskot i samband med Sjøveis kyrkjereis 12. juni 2022. Han har spurt Fedje sokneråd om det er råd å dekke deler av dette. <i>Fedje sokneråd søker Bjørgvin bispedømme om midlar til å dekke noko av utlegget som Øyvind Konglevoll har lagt ut i samband med underskotsdekning av DS Oster i samband med Sjøveis kyrkjereis. Sokneprest Rune Minde fylgjer opp saka.</i></p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Tone Sævi, Vivian Rognsvåg, Terje Storemark og Rune Minde.

Varamedlemmer: Ingard Kahrs.

Ikkje møtt: Hans Erik Waage og Solrunn Gullaksen.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 11/22 – S 09/22

S 11/22	GODKJENNING AV INNKALLING OG REFERATET FRÅ 31.05.2022
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 31.05.2022 Innkallinga til møtet 27.09.2022
Vedtak:	Referat godkjent utan merknader.

S 12/22	KORT DRØFTINGSSAK OM KVARDAG OG HELG
	<p><u>Bakgrunn:</u> Kvardag og Helg kjem no ut med 4 nummer i året. Trykking av bladet kostar no ca. kr. 35.000,- i året, inklusiv moms. Redaksjon og stofftilgang, samt distribusjon skjer på dugnad. Sekretær samlar alt stoffet, skriv over i word der det manglar filar for dette, purrar på stoff som ikkje er komen innan fristen, samt lagar oversikt på kyrkjelege handlingar. Dette er oppgåver som ho har overtatt og som ikkje opprinneleg låg i stillinga hennar. Vi får no layouthjelp av trykkeriet, som har styrka det visuelle uttrykket vesentleg. Frå staben si side er vi av den oppfatninga at resultatet vil bli både dyrare og dårlegare om vi skulle overtatt desse oppgåvene sjølv. Bladet har 4 faste annonsørar og kunne sjølvsagt hatt fleire. Innbetalingar til såkalla «frivillig abonnement» har vore minimal. Det er sjølvsagt mogeleg å få inn meir midlar, kanskje først og fremst med ei venleg oppfordring til lesarane om å bidra i form av ein fast og</p>



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyllrkja

	<p>synlegare rubrikk i kvart nummer av bladet. Det er likevel slik at det er og sannsynlegvis vil vera eit sprik mellom inntekter og utgifter på å drifta Kvardag og Helg. Soknerådet bør difor drøfta følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">• Er Kvardag og Helg så viktig at soknet dekker underskotet med å drifta bladet?• Frekvensen på 4 nummer i året – er det fornuftig?• Kva konsekvensar kan ein få ved å redusera talet på nummer i året?• Er det andre måtar å skaffa inntekter til bladet på som ikkje er drøfta her?
Vedtak:	<p>Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak.</p> <p>Sagt i møtet:</p> <p><i>Soknerådet er samd om at Kvardag og Helg er så viktig at soknet dekker underskotet, og dei ønskjer 4 nummer i året.</i></p>

S 13/22	<p>DRØFTINGSSAK OM TRUSOPPLÆRINGA OG TILTAK FOR BARN OG UNGE</p>
	<p>Saka vert lagt fram som ei drøftingssak. Dette vert hovudsaka på møtet. Med på møtet vert også Ishbel Salte, som er tilsett på timebasis for å driva med trusopplæring, i hovudsak for barn og unge under konfirmantaldar.</p> <p>30. november i fjor, vedtok soknerådet ein revidert trusopplæringsplan i S-sak 27/21. Tiltaket som er innarbeidd og som fungerer bra er konfirmanttida. Fedje og Austrheim sokn har som kjent eit felles konfirmantopplegg. Vi har tidlegare leigd inn medarbeidarar til å driva ulike tiltak. Til dømes har vi leigd inn Jostein Husa til å gjennomføra eit alphaopplegg for unge. Koronarestriksjonar har lagt ein dempar på gjennomføringa av fleire av tiltaka.</p> <p>Følgjande tiltak var lista opp i den reviderte lokale trusopplæringsplanen:</p> <ul style="list-style-type: none">• Dåpssamtalen. Ansvar: Sokneprest• Utdeling av 4 års bok. Ansvar: Trusopplærar• Tårnagent. Ansvar: Trusopplærar• Utdeling av bibel. Ansvar: Trusopplærar• Lys Vaken. Ansvar: Trusopplærar• Bibelgruppe. Ansvar: Trusopplærar• Konfirmasjonstida. Ansvar: Konfirmantlærar• Leiartrening. Ansvar: Uavklart



DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<p>Denne planen er dynamisk og bør vera gjenstand for fortløpande evaluering og endringar. Når vi no har tilsett ein trusopplærar, er det viktig å drøfta med henne kva for tiltak som ho kan tenkja seg å driva med og kjenner seg mest komfortabel med.</p> <p>Av tiltak som ho allereie er «booka» inn på i haust, er å vera «reiseleiar» for barn og unge som vert med på koroplegget til Bjarte Leithaug på Austrheim 17. september. Vi har også eit ønskje om at ho gjer noko ut av bibelutdelinga seinare i haust, kanskje eit minikurs om bruk av bibelen. Vi har også foreslått at ho vert med på Jostein Hauge si adventsforteljing om dei tre vise menn, som har blitt framført i barnehagane i Austrheim og no sist advent; også på Fedje.</p> <p>Det bør vera rom for fleire tiltak. Samtalen med trusopplærar bør leggja opp til det.</p> <p>På AU møtet kom det også opp eit ønskje om å få etablert eit barnekor. Her bør ein etablere ei ordning med friviljuge som eventuelt kan ta på seg ei slik oppgåve. På AU-møtet vart det nemnt eit konkret namn. Om dette let seg realisera kan dette presenterast i møtet.</p>
Vedtak:	Saka vert lagt fram til drøfting utan framlegg til vedtak. <i>Trusopplærar Ishbel var invitert til møtet, men meldte forfall pga. sjukdom.</i>

S 14/22	EVALUERING OPEN KYRKJE 2022
	<p>Ein har hatt open kyrkje på Fedje sommaren 2022, etter vanleg praksis. Det var ikkje open kyrkje på Fedje sommaren 2020 og 2021, grunna pandemirestriksjonar. Skulle ein hatt dette tilbodet desse to åra, hadde det betydd at kyrkja måtte ha vore bemanna så lenge ho var open.</p> <p>Dette er erfaringar som vart gjort denne sommaren:</p> <ul style="list-style-type: none">• Liste med aktuelle veker må ut mykje tidlegare, ifht. planlegging av ferie.

S 15/22	EVENTUELT
	Lokal julekonsert: Det vert julekonsert torsdag 15. desember med Jostein Hauge som musikalsk leiar.